

ØSILs verdier er å

bygge opp under **idrettsglede**

- **gje ros** for god innsats og utvikling (utan ein-sidig fokus på resultat og konkurranse).
- **vera rause og inkluderande** (applaudere god innsats, ferdigheiter og sportsånd også hjå lagkameratar og motstandarar).
- **la borna avgjere val av aktivitet** (men gje informasjon og råd for val av idrett).

vise kvarandre **respekt**

- ha nulltoleranse for **stygg språkbruk og usportsleg oppførsel**.
- **unngå negative tilrop** til dommarar, trenarar eller andre (gå føre som gode eksempel, sjølv om ein er ueinig).
- **støtte trenarar og lagleiarar** i jobben dei gjer.
- vere bevisst på at born i same alder kan vere svært ulike med hensyn til modning.

ha **engasjement**

- ta del i bornas aktivitet - **bli med på treningar, ta på deg eit verv, vera lagleiar eller trenar**.
All aktivitet i ØSIL er basert på frivilligheit. Det er engasjerte foreldre som saman skapar tilbodet!

Medlemskap for deg sjølv eller ungar skjer via heimesida osil.no. Alle som deltek på aktivitet skal meldast inn. Medlemskontingent er kr. 100,-/medlem (inkluderer grunnforsikring for born opp til 13 år).

Som forelder i ØSIL blir de del av ein stor og sosial **dugnadsgjeng** på dei store arrangementa våre, slik som Beitosprinten og Fjellmaraton. Kvart dugnadsskift gjev kr. 500,- inn til den gruppa i ØSIL ein ynskjer. Det er slik aktivitetane er finansiert. Kvar gruppe (t.d. fotball, allidrett) vert tildelt eit antal skift som skal fyllast.

Sjå elles **osil.no** for aktivitetstilbod og nyheiter.

